

Styremøte 07/2020

Onsdag 04.november kl. 1600 i Klubbhuset

Desse deltok: Victor Kjøde, Jan Petter Venøy, Arne Hjertenes, Per Årvik og Ole Bosnes.

Sak 1. Gjennomgang av tilbakemeldingar frå Vik/Ørsta vedkommande bryggeanlegget – «helsetilstanden» og moglegheitene for utviding/auke av tal plassar.

Konklusjonar frå rapporten:

1. Bryggeanlegget er gamalt. Store delar av anlegget er over 25 år. Det er ein del rustdanning. Bryggene bør/må skiftast ut i løpet av dei komande 5-10 år.

2. Kapasitetsauke er mogleg å få til ved bytting av plassar. Aktuell stad er ytst på B-brygga, maks. 6 plassar.

3. Om lengre utriggarar seier Vik/Ørsta: Når det gjeld 10 m utriggarmateriell, så er dette lengste lengde vi tilbyr på våre nye stålbrygger. Våre stålbrygger har ein langt sterkare bryggeprofil (innfestingsskinne) enn den profilen de har (flattstål/t-stål/enkel C-profilskinne). Det er difor svært usikkert at dagens brygger er dimensjonert for 10 m utriggarmateriell og store båtar.

4. Igangsetting av planarbeid for oppgraderingane må vedtakast i årsmøte.

Sak 2. Ankerfeste på A-B-C.

Det er montert nye fortøyningar. Nytt ankerfeste på A5. Dugnad 8.oktober.

Sak 3. Redningsleidarar

Alle redningsleidarane vart under dugnadane demonterte. Vi har no fått laga nye. Desse er no klare.

Sak 4. Vedtektsendringar

Leiaren presenterte nokre forslag på vedtektsendringar. Desse vart gjennomgått. Styret må ha meir tid på å arbeide gjennom desse før dei vert presenterte for årsmøtet 2021.

Møtet slutt!